

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 3. mai 2019 10:33
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 17/2019, 3. MAI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 17/2019, 3. MAI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

BETRE BUSSTILBOD? INVITASJON TIL UNDERSØKING AV REISEVANAR

Volda og Ørsta kommunar ønskjer å utvikle og styrke kollektivtilbodet i området og Høgskulen er også med på dette samarbeidet. Kommunane har i samarbeid med fylkeskommunen starta eit eittårig prosjekt for å kartlegge og kome fram til tiltak for å betre kollektivtilbodet. Dette kan også tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda bidra til ved å delta i ei spørjeundersøking om jobb- og fritidsreiser og kva behov ein har eller ser. Undersøkinga går i tida 6.-18. mai og tek ca 5 minutt å svare på. Du deltek ved å klikke på denne lenkja og svare på spørsmål i Questback:

<https://response.questback.com/mreogromsdalfylke/dksfsv8ghw>

PRØVE-PRØVE-FØRELESING I DAG: HILDEGUNN VALEN KLEIVE, STRØM 244, KL 13.15

Hildegunn Valen Kleive disputererved Menighetsfakultetet i Oslo 10. mai. Ho har skrive ei avhandling om korleis tamilske ungdommar praktiserer sin religion i Noreg. I dag, fredag 3. mai prøver ho ut prøveforelesinga si, med temaet: "Forskning på migrasjon, ungdom og religion i Europa. Hva kan et fokus på "hverdagsreligion" tilføre forskningsfeltet, og hvilke utfordringer fører dette perspektivet med seg?". Omtale av Valen Kleives disputas på nettsidene til Menighetsfakultetet: <https://www.mf.no/om-mf/arrangementer/hildegunn-valen-kleives-doktorgradsprover>

STYREMØTET 2. MAI: KARI SØNDENÅ TILSETT SOM PROFESSOR II

Høgskulestyret har vedteke å kalle professor Kari Søndena til stilling som professor II ved Høgskulen i Volda.

Søndena er pedagog og er tilsett som professor ved Universitetet i Stavanger. I Volda vil ho få eit særleg ansvar for å starte opp arbeidet med pedagogisk basiskompetanse. Søndena blir administrativt sett tilknytt Institutt for pedagogikk ved AHL. Kari Søndenas nettside ved UiS:

<https://www.uis.no/article.php?articleID=73609&categoryID=11198>

STYREMØTET 2. MAI: STUART FRANKLIN TILSETT FOR TO NYE ÅR

Høgskulestyret har vedteke å forlenge kallinga til professor Stuart Franklin for to nye år. Franklin er ein meritert presse- og dokumentarfotograf som blant anna har arbeidd for det verdskjende fotobyrået Magnum. Franklin vil blant anna arbeide med undervisning og rettleiing på masterstudiet Media practices.

<https://www.hivolda.no/studietilbod/master-media-practices/haust>

Stuart Franklins nettside: <https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-journalistikk/stuart-franklin>

STYREMØTET 2. MAI: VEDTOK FELLES MASTERGRAD I HELSELEIING

Høgskulestyret gjorde vedtak om å godkjenne felles mastergrad i helseleiing i samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU i Ålesund. Dette blir ei vidareføring av det mangeårige samarbeidet LIHS (Leiing i helse- og sosialsektoren) som dei tre institusjonane har gjeve sidan 2002 som eit vidareutdanningstilbod på masternivå.

Rundt 800 studentar har teke LIHS og dei får no tilbod om å bygge vidare på LIHS og ta ein mastergrad. Informasjon om deltidstilbodet i LIHS, hausten 2019 (stengt for søking): <https://www.hivolda.no/studietilbod/ledelse-helse-og-sosialtjenestene/haust>

STYREMØTET 2. MAI: SØKER OM AKKREDITERING AV MASTERGRAD I SKRIFTKULTURAR

Høgskulen ønskjer å søkje om akkreditering av mastergrad i skriftkultur i eit samarbeid mellom norsk- og engelskmiljøa ved Institutt for språk og litteratur på AHL. Styret godkjende søknaden frå fagmiljøa og den går no

vidare til NOKUT for akkreditering. Tilbudet er blant anna retta inn mot dei som ønskjer å undervise i norsk eller engelsk i vidaregåande skule. Informasjon om mastergrad i Nynorsk skriftkultur (heiltid):

<https://www.hivolda.no/studietilbod/nynorsk-skriftkultur/haust>

DET KAN BLI STREIK VED HØGSKULEN I VOLDA: MEKLING FRAM TIL 23. MAI

Tysdag 30. april vart det brot i forhandlingane i det statlege mellomoppgjeret, og lønsoppgjeret har no gått til mekling hos Riksmeklarane. Meklingsperioden går fram til torsdag 23. mai. Både arbeidsgjevar og tilsettes organisasjonar førebur seg no på at det kan bli streik. Det er LO Stat, Akademikarane, Unio og YS Stat som forhandlar med staten. Her er Kunnskapsdepartementets pressemelding i høve brot i meklinga:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/brudd-i-lonnsoppgjoret-i-staten/id2643530/>

SOMMARAVSLUTNINGAR VÅREN 2019

17. juni: AHL

17. juni: AKF

20. juni: Felles sommaravslutning for alle tilsette på HVO med markering av 25-års jubileum for HVO og 50-årsjubileum sidan Stortinget vedtok å opprette DH-skular.

21. juni: ASH

AMF har ikkje bestemt seg for om det blir sommaravslutning våren 2019 eller ei samling tidleg på hausten.

IDRETTSBYGGET GÅR I EKSAMENSMODUS: SYMJEHALLEN HELD OPE

Frå 1. mai til 13. juni er Idrettsbygget stengt for idrettsaktivitet fordi salane skal brukast til eksamen. Men symjehallen er open. Du finn timeplan for bruk av symjehallen her:

<https://cloud.timeedit.net/hivolda/web/timeplan/ri1Y03067v5ZQYQ2YY56QXQ75m10Q36007Q9ZXZQf57cIYZyZcc2pZlWqQ539I73.html>

PÅMINNING: FRIST FOR PENSUMLISTER: 15. MAI

Som for dei siste åra er det 15. mai som er frist for å få på plass pensumlister for hausten 2019, og fagmiljøa må planlegge godt for å rekke fristen. Oversyn over kva emne som har fått ferdig sine pensumlister vil kome i løpet av mai. Nettside med oversyn over pensumlister: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/pensumlister>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

6.5.2019: Næringsutvalet i Møre og Romsdal fylke, møte på HVO.

10.5.2019: Besøk frå stortingsrepresentant Grunde K. Almeland (V).

10.5.2019: Disputas, Menighetsfakultetet, Hildegunn Valen Kleive

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

Orientering til Høgskulestyret, 2. mai 2019: <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/05/03/orientering-til-hogskulestyret-2-mai-2019/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

